



Innspill til arealplan Alver Kommune

Alver Kulturråd skal arbeida for best mogeleg tilhøve for kulturen i Alver Kommune og vera ein arena for samarbeid mellom frivillige lag og organisasjonar innan kulturfeltet.

I eit av hovudpunkta i samarbeidsavtalen mellom Alver Kulturråd og Alver kommune er det nedfelt at avtalen skal vera med å fremja fellesmål om kultur, scene, musikk, kunst og friluftsliv for alle i Alver.

Alver Kulturråd vil utifrå dette komma med fyljande innspill til arealplan:

Alver Kulturråd ber om at det vert avsett areal til eit Regionalt Kulturhus i regionsenteret Knarvik. Kulturrådet ser det som naturleg at areal til dette føremålet vert avsett i område v/ Nordhordlandshallen (sjå vedlagt kart)

For Alver Kulturråd

Ivar Hopland

Leiar